

Hei,

Viser til ditt spørsmål i e-post frå 6. juli i år. På grunn av ferieavvikling har det dessverre tatt litt tid å svare på spørsmålet.

Innleiingsvis vil eg seie at vi ikkje kjenner til kva budsjettsak det er du viser til i spørsmålet, og at om spørsmålet må bli forstått på ein annan måte enn det vi har gjort, inviterer eg til presisering av dette for å kunne gje eit meir utfyllande svar om det er mogleg.

Til sjølve spørsmålet, så har vi ikkje per no oppdaterte tal for elevtalsutviklinga basert på opptaksregionane eller kommunar, men SSB har varsla ein oppdatert statistikk i midten av august i år. Å utarbeide ein slik statistikk no i juli vil vera eit omfattande arbeid, og i tillegg vil det bli basert på årsgamle tal. Dette ser vi på som lite hensiktsmessig når det som nemnt over vil komme nye tal frå SSB om ein månads tid.

Fylkesråden planlegg for øvrig å legge fram ein sak i fylkestinget i desember om inntaksregionar også for utdanning aust (Finnmark), og vil sjølv sagt basere den saka og andre saker om opplæringsstilbodet på ferske og oppdaterte tal.

Med vennleg helsing

Bjarne Rohde  
Fylkesråd for utdanning